

OL helsing frå Whistler

Heisann!

Ja no sete de vel spikra framfor TV'en og fyl med på det som skjer på andre sida av jorda. Sjølv er eg så heldig at eg er i Whistler, og får med meg OL stemninga på nært hold. Eg skulle eigentleg ha fått nye gjestar den 16. februar. Men neste tur blei kansellert, og timinga kunne vel ikkje vore betre.

Eg var i Whistler heile førre vinteren, så det er veldig spesielt å få vere her når det brakar laust. Eg har dermed fått med meg oppladinga til OL på nært hold eit år tilbake i tid. Og det er vel ikkje til å stikke under ein stol at ikkje alle var like positive. Eg må vel også innrømme at eg og var litt skeptisk.. Særleg etter å ha vore å sett på worldcupen i skiskyting 09, i lag med kun 150 andre. Men etter at OL no er i gong, er all skepsis gløymd. På laurdag var eg på fyrste skiskyttar løpet, og OL stemninga var det absolutt ikkje noko å seie på! Allereie då eg kom til Whistler igjen den 8. februar merka ein at noko var annleis. På hotellet til gjestane mine låg på var det fleire norske journalistar. Eg støtte og på Carlsen og Scheie på mat butikkjen, og viste dei kva som var vanleg lett mjølk (TINE har inga avdeling i Canada). Det verkar også som det er ein del nordmenn som har tatt turen over for å kombinere OL med ski ferie. Som eit av nord Amerika sitt største ski anlegg, er det derfor folk tek turen til Whistler, når det ikkje er OL då. Men det verkar som dei som har valt å reise her i år har gjort eit godt val. Med alt fokus på OL er det verkeleg ingen folk i bakkane, så ein har alt for seg sjølv!

Og det er derfor eg eigentleg er her borte, for å stå på ski. Heime i den vanlege tralten blei det no nokre ski tura i løpet av sesongen, men det var ikkje nok. Eg ville gjere meir ut av det, og søkte derfor på jobb som reiseleiar for Langley sesongen 2007/2008. Og jammen fekk eg jobben! Godt banken hadde godkjend permisjon i 4 månader, så då var det berre å hive seg stad til dei franske Alpane. Men ein sesong var ikkje nok.. så etter å ha sagt opp jobben, blei det ein sommar sesong også, på Korsika. Før eg endeleg fekk drøymen oppfylt, nemleg Canada. Om det er Besten eller Lars Monsen som har gjeitt meg denne drøymen er uvisst. Det var uansett artig å komme til det landet som Besten spanderte 2 år i på 50talet. Men det er nok litt andre opplevingar eg tar med meg heim enn kva han gjorde (og mindre pengar..).

Førre sesongen var eg som sagt stasjonert i Whistler, og hadde Whistler og Blackcomb Mountain som kontor. I tillegg hadde eg oppgåver som transfer mellom Vancouver - Whistler, bookingar på heliskiing/catskiing, afterski selskap, og elles handtere ting om måtte dukke opp. I år har eg eit litt anna oppdrag. I ein 15 pers van (+hengar), tar eg eit titals personar rundt i Rocky Mountains. Mellom flyplassane Calgary og Vancouver ligg det mange flotte og kjende skistadar. Og det er desse gjestane kjem for å utforske; Whistler, Sun Peaks, Revelstoke, Golden (Kicking Horse), Banff (Lake Louise eller Sunshine village). I tillegg til å vere sjåfør (kver tur er ca 1350 km long), står eg også i år på ski i lag med gjestane, og er deira service person 24/7. Så det er ein krevjande men også veldig artig jobb. Og så lenge ein har fjellja som sitt kontor kan en takle mykje☺

Høyrde de har ein flott vinter heime i år, det er gode greier. Håpar de tek vare på den og nyt dei flotte natur opplevingane denne årstida også kan gje. Det er berre å spenne på seg skina og komme seg te fjells, og svisje seg nedatte!;) )

Godt OL so sjåast vi te våren!

-Kristin